

## PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

**Tid:** Torsdag 23. mars 2006, kl 0830 – kl 1700

**Stad:** SAS Bryggen Hotell, Bergen

Styremøtet var ope for publikum og presse

### Presentasjonar:

- Presentasjon av Helse Bergen HF ved styreleiar Finn Strand
- Presentasjon av Årsmelding 2005 ved pasientomboda i Helse Vest

### Sakliste:

|     |          |                                                                                     |
|-----|----------|-------------------------------------------------------------------------------------|
| Sak | 020/06 B | Godkjenning av innkalling og dagsorden                                              |
| Sak | 021/06 B | Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 08.02.06 og 24.02.06                       |
| Sak | 022/06 O | Årsmelding 2005 – Pasientomboda i Helse Vest                                        |
| Sak | 023/06 O | Administrerande direktør si orientering                                             |
| Sak | 024/06 B | Økonomirapport pr. 31. januar 2005                                                  |
| Sak | 025/06 B | Endring av vedtekter                                                                |
| Sak | 026/06 B | Val av nye styre i underliggande helseføretak                                       |
| Sak | 027/06 B | Internkontroll – status og vidare arbeid                                            |
| Sak | 028/06 B | Prioritering av pasientar ved Ortopediklinikken i Lærdal – oppfølging av tilsynssak |
| Sak | 029/06 O | Sosial og helsedirektoratets årlege brev til dei regionale helseføretak 2006        |
| Sak | 030/06   | Eventuelt                                                                           |

Deltakarar frå styret:

Oddvard Nilsen  
Kari Oftedal Lima  
Svein Andersen  
Reidun Korsvoll  
Gisle Handeland  
Ellen Solheim  
Magnar Lussand  
Gunnvor A Sunde  
Aslaug Husa  
Inger F. Hamborg  
Helge Espelid

Deltakarar frå administrasjonen:

Administrerande direktør Herlof Nilssen  
Viseadministrerande direktør Helge E. Bryne  
Kommunikasjonsdirektør Bjørg Sandal

Fagdirektør Odd Søreide  
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen  
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen  
Seniorrådgivar Torunn Nilsen (ref)

- **Presentasjon av Helse Bergen HF ved styreleiar Finn Strand**

Møtet starta med presentasjon av Helse Bergen HF ved styreleiar Finn Strand. I presentasjonen vart det mellom anna fokusert på følgjande forhold:

- **Pasientbehandling:**

Helse Bergen HF har 98700 sjukehusopphald i året innan somatikk, og

121 000 liggedøgn i året i psykiatrien.

352 000 polikliniske konsultasjonar innan somatikk og 64 500 polikliniske konsultasjonar innan psykiatri.

- **Forsking:**

Helse Bergen HF har 160 årsverk til forsking.

- **Økonomi:**

Helse Bergen HF har årlege driftskostnader på 5,2 mrd kroner.

Ved utgangen av 2005 hadde Helse Bergen HF 6 983 årsverk..

Resultatet i 2005 vart 84 mill kroner dårlegare enn budsjettert. Hovudårsakane til dette er at ein ikkje har oppnådd forventa kodeforbetring, aktivitetsveksten har ikkje vore fullt ut finansiert, meirkostnader for å unngå korridorpatientar i psykiatrien, endra rekneskapspraksis knytt til investeringar, og turnuskonflikt.

- **Kvalitetsindikatorar:**

Ved utgangen av året er talet på epikriser som er sendt innan 7 dagar 66% innan somatikk og 71% innan psykiatri.

Talet på korridorpatientar har og gått vesentlig ned og er no i gjennomsnitt pr dag 11,6 innan somatikk og 3,9 innan psykiatri.

Når det gjeld gjennomsnittlig ventetid har endringa i 2005 vore:

- frå 108 til 70 dagar for pasientar med rett til nødvendig helsehjelp.

- frå 220 til 160 dagar for pasientar med rett til anna helsehjelp

- **Bygningsmassen:**

Det er forventa stor vekst i behovet for helsetenester, særleg etter 2010.

Bygningsmassen må tilpassast for å understøtte fagleg utvikling.

Fleire av bygga innan både somatikk og psykiatri har for lav standard, og ikkje egna for verksemda.

- **Hovudutfordringar i 2006:**

**Klare de økonomiske krava:**

Det er ein stor pedagogisk utfordring å få oppslutning om auka innsparing i ein situasjon med skeivdeling og høg effektivitet i Helse Bergen HF.

**Bremse aktivitetsveksten:**

Det er ein utfordring å bremse aktivitetsveksten i ein situasjon med auka behov, auka moglegheit, fokus på pasientrettar og auka forventningar i befolkninga.

**Utvikle eit heilskapleg tenestetilbod:**

Utvikle eit heilskapleg tenestetilbod i samarbeid med kommunane og private aktørar innanfor rus og tilbodet til kronikarar (somatikk og psykiatri).

Sak 020/06 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

**Kommentarar.**

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var delt ut i møte:

- Sosial- og helsedirektoratets årlege brev til dei regionale helseføretaka ( grunna feil i papirversjon av styresakene)
- Sak 026/06 B Val av nye styre i underliggande helseføretak
- Redigert program for styreopplæring

Styreleiar orienterte og om at det vil bli orientert om ei ny sak under AD si orientering:

- Plan og søknad – Senter for Livsmestring/Nye Haraldsplass

Styreleiar orienterte vidare om at sak 026/06 B Val av nye styre i underliggande helseføretak ville bli handsama i lukka del av styremøtet.

Fleire av styremedlemmene gav tilbakemelding om at konvoluttane som blir brukte til utsending av styresaker er for dårlege.

Fleire styremedlemmer gav og tilbakemelding på handtering av pasientsaker. Administrasjonen registrerte spørsmåla, og vil oversende dei til det aktuelle helseføretak.

**Vedtak (samrøystes):**

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

**Sak 021/06 B Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF  
08.02.2006 og 24.02.06**

**Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende og underteikna protokollane frå styremøta 8. februar 2006 og 24. februar 2006.

**Sak 022/06 O Årsmelding 2005 – Pasientomboda i Helse Vest**

**Kommentar:**

Gro Bergfjord, pasientombod i Rogaland og Grethe Brundtland, pasientombod i Hordaland, presenterte felles årsmelding 2005 for alle pasientomboda i Helse Vest:

I årsmeldinga er det fokusert på problemstillingar knytt til lov om pasientrettar (PRL) og til pasienttryggleik. Pasientomboda peikar på at det framleis er behov for betre kommunikasjon i møte med spesialisthelsetenesta og at helsepersonell blir meir medvitne om pasientane sine rettार i høve til lova om pasientrettar. Pasientomboda peikar på konkrete tiltak i høve til:

**Kvalitetssikring i sjukehus**

Pasientomboda peikar på at klagesakene ikkje alltid kjem vidare i systemet og meiner dei ikkje får den merksemd og evaluering som dei fortener. Pasientomboda meiner pasienttryggleik bør få langt større merksemd og status enn det har i dag.

**Individuell plan**

Erfaringane frå pasientomboda viser at det framleis er manglar i høve til å sikre denne retten for alle som har krav på det.

**Norsk Pasientskadeerstatning (NPE)**

Pasientomboda blir ofte kontakta med bakgrunn i at det som har skjedd har fått slike følgjer at pasienten/pårørande spør om erstatning. Pasientomboda hjelper i slike

saker med å sende skademelding til Norsk pasientskadeerstatning (NPE) som er ordninga kor slike saker blir vurdert.

### **Saker til helsetilsynet, reaksjon overfor helsepersonell**

Pasientomboda peikar på at terskelen for at tilsynet skal vurdere ei hending som uforsvarleg er høg. Dei registrerar at mange pasientar meiner at terskelen er urimeleg høg i høve til det dei har opplevd frå helsepersonell. Pasientomboda meiner at det kan vera for få saker som blir meldt til tilsyna.

### **Rett til nødvendig helsehjelp**

Pasientomboda har registrert at det blir gjort ulike vurderingar med fastsetting av individuell frist. Det er døme på at pasientar med ein mindre alvorleg sjukdom får kortare ventetid enn pasientar med meir alvorleg sjukdom. I andre tilfelle blir fristen sett svært langt fram i tid, eksempelvis 4 år (gjeld operasjonar for sjukleg overvekt). Slike døme speglar at fristen er sett ut frå behandlingsskapasiteten, noko som ikkje er rett i høve lov om pasientrettar.

### **Fritt sjukehusval i psykiatrien**

Pasientomboda har avdekka interne rutinar i sjukehusa som er med å leggje hindringar i vegen for at pasientar blir tilvist andre sjukehus med kortare ventetid der det hadde vore det beste for pasienten. Det vert også peika på at retten til fritt sjukehusval ikkje er reell for psykiatriske pasientar

### **Rusbehandling**

I 2005 har det kome forholdsvis få førespurnader i 2005. Det har oftast vore spørsmål om ventetider og legemiddelassistert rehabilitering (LAR). Pasientomboda har registrert at pasientar i denne gruppa ikkje får den same respektfulle behandling som andre.

### **Kontrollkommisjonen**

Kontrollkommisjonane sitt arbeid bør harmoniserast med dei organisatoriske endringane som er gjort innan psykiatrien og i høve til endringane i Lov om psykisk helsevern.

### **Skeivfordeling/prioritering**

Pasientomboda registrerar at pasientar er oppteken av økonomiforvaltning og styring i helseføretaka og at det er ein del generell usikkerhet i høve til helsetilbodet.

### **Vedtak (samrøystes):**

1. Saka vart tatt til orientering
2. Styret ber administrerande direktør ta forholda kring pasienttryggleik som er omtala i årsrapporten frå pasientomboda opp med helseføretaka. Styret ber om tilbakemelding.

**Sak 023/06 O Administrerande direktør si orientering**

#### **1. Fokusområde 2005 (avslutning):**

##### **Ventetid, epikrisetid, korridorpasientar**

Februartal på ventetider og tertialrapportering på kvalitetsindikatorar vart presenterte i møte:

**Gjennomsnittleg ventetid** for heile regionen er på 75 dagar.

Helse Bergen: 74 dagar

Helse Stavanger: 70 dagar  
Helse Førde: 88 dagar  
Helse Fonna: 63 dagar  
Private med avtale: 85 dagar  
Tala viser ein god utvikling i alle helseføretaka.

**Epikrise:**

Det er framleis litt igjen for å nå krava frå styresmaktene. Dette må følgjast opp vidare.

Helse Bergen: somatikk - 65% , psykiatri - 68%  
Helse Stavanger: somatikk - 71% , psykiatri - 69%  
Helse Førde: somatikk - 74%, psykiatri – 82%  
Helse Fonna somatikk – 61%, psykiatri – 84%

**Korridorpasientar:**

Helse Bergen: somatikk - 11, psykiatri - 3  
Helse Stavanger: somatikk - 31, psykiatri - 5  
Helse Førde: somatikk – 0, psykiatri – 0  
Helse Fonna somatikk – 7, psykiatri – 0

Mal for ny styrerapportering i vil vere klar i mai/juni.

Styret ønskja rapportering på alle fokusområda i kvart styremøte frå og med neste møte.

**2. Mediesaker**

Administrasjonen orienterte om aktuelle saker i media.

**3. Møteplan 2006**

Styret var samde om følgjande endringar i møteplan. Styremøte i juni blir den 20. juni i Stavanger. Styremøte i desember blir den 14. desember i Bergen.

**4. Utsending av saker til styret**

Administrasjonen orienterte om at papirversjon av saker til styremøte i Helse Vest RHF vil bli sendt ut pr. post 9 dagar før styremøta, etter ønskje frå styret. Dokumenta blir sendt ut elektronisk same dag.

**5. Vidare framdrift i sak om tilrettelegging av sjukehusstilbødet i Bergensområdet**

Administrasjonen orienterte om vidare prosess og framdrift i sak om tilrettelegging av sjukehusstilbødet i Bergensområdet.  
Styret var oppteke av å sikre god informasjon til dei involverte kommunane, og solid forankring i fagmiljøa i Bergen.

**6. Mediesaker i Helse Førde HF**

Administrasjonen orienterte om handtering av ”mediesaker” i Helse Førde HF, om vedtak frå ekstraordinært styremøte i Helse Førde HF 1. mars 2006 og skriftlig orientering til Statsråden.

**7. Årsrapport 2005 og styret si beretning for 2005**

Årsrapport frå 2004 var sendt ut og kommentert. Styret var samde i å nytte same konsept som i fjor – Ein kort årsrapport med nøkkeltal og med same balanse mellom rekneskap og tekst som i 2004. Styret ønskja og RHFet og HFa nytta same mal og design på årsrapport og styret si beretning.

**8. Helse 2020**

Administrasjonen orienterte om status i prosjektet – Helse 2020. Informasjon om prosjektet og arbeidsgrupper blir lagt ut på nettsida vår <http://www/Helse-Vest.no/tilsette>. Det vart og orientert om at Nasjonal helseplan vil bli presentert i samband med statsbudsjett 2007.

**9. Utanlandsbehandling**

Administrasjonen viste til utsendt notat.

**10. Tilbakemelding frå regionalt prosjekt – kostnader til variabel løn og varekost**

Administrasjonen orienterte om at prosjektet er i gang. Ny tilbakerapportering vil bli gitt i styremøte i 3.mai.

**11. Skeivdeling**

Styret var samde om at fokus i helseføretaka no må vere på budsjett 2006 og å nå målet om balanse i 2006. Dette må formidlast tydeleg til HF-styra.

**Styret vart samde om følgjande uttale, som blir oversendt til Helse- og omsorgsdepartementet**

Helse Vest ser positivt på vedtak i Stortingsmelding 5 knytt til skeivfordeling i spesialisthelsetenesta.

Styret i Helse Vest RHF ønskjer å oversende vedlagte dokument som oppsummerar situasjonen for Helse Vest RHF. Styret vil understreke viktigheita av at resterande del av vedtatt skeivfordeling på 88 millionar kr. blir overført snarast råd, og seinast i statsbudsjettet 2007.

Styret konstaterar at løyvingane til rehabilitering/opptreningsinstitusjonar til Helse Vest RHF er på 59,6 millionar kroner, eller om lag 1/3 av det som det regionale helseføretaket ville hatt til rådvelde om tilskotet til helseregionen var basert på folketal. Styret i Helse Vest RHF vil be om at løyvingane til rehabilitering/opptrening blir fordelte etter objektive kriterium frå og med budsjettåret 2007.

Styret vil og peike på oversikten som viser skeivdeling i 2006, jf. vedlagt notat frå administrerande direktør i Helse Vest RHF, som viser at situasjonen berre er endra i mindre grad. Denne utgreiinga viser at skeivfordelinga i 2006 framleis vil vera over 600 millionar kroner.

Styret i Helse Vest RHF vil be om at intensjonen i Stortingsmelding 5 om at det skal gjennomførast ei evaluering av skeiv fordelinga etter at vedtak i Stortingsmelding 5 er

gjennomført, blir prioritert og gjennomført i samband med statsbudsjett 2007. I så måte håper styret i Helse Vest RHF at vedlagt notat kan vera ein del av grunnlaget for denne evalueringa.

**12. Rekneskapsresultat – kva resultat blir Helse Vest RHF målt på**

Administrasjonen viste til utsendt notat. Styret i Helse Vest har bedt om eit notat som forklarar kva resultat Helse Vest blir målt på. I utsendt notatet med lysark er det gitt ei nærare forklaring av dei ulike postane som ligg til grunn for resultatmålinga.

**13. Rapport frå internrevisjonen i Helse Vest RHF – om forholdet mellom Helse Bergen HF og Stiftelsen B 12/BVital AS**

Internrevisjonen i Helse Vest RHF har på oppdrag frå administrerende direktør i Helse Vest RHF utarbeidd rapport – internrevisjonsrapport 01/06 – som omhandlar fleire sider tilknytta forholdet mellom Helse Bergen HF og stiftelsen B 12/Bevital AS.

Rapporten vart og lagt fram for kontrollutvalet 22. mars. Rapporten vart lagt fram for styret i til førebels orientering.

Helse Vest RHF har i brev til Helse Bergen HF, dagsett 10. mars 2006 bedt om at Helse Bergen HF set i verk naudsynnte tiltak og rapporterer tilbake til Helse Vest RHF innan 1. mai. Oppfølging og tilbakerapportering skal vere behandla i styret for Helse Bergen HF.

Fleire av dei tilhøva som er nemnde i rapporten er samanfallande med styringskrav gitt i styringsdokumentet til Helse Bergen HF for 2006. Dette gjeld områda: Fullmaktsstruktur, bierverv og innkjøp. I tilbakerapporteringa til Helse Vest RHF skal vurderingane og tiltaka til Helse Bergen HF også vert gjort med bakgrunn i dei nemnde styringskrava i styringsdokumentet.

**14. Orientering om relevante lover og myndigheitskrav**

Administrasjonen viste til utsendt notat.

**15. Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker**

Administrasjonen viste til utsendt notat.

**LUKKA DEL - U OFF Off.1 §6 første ledd nr 2 a:**

**16. Open anbodskonkurranse – kjøp av kirurgiske tenester**

Administrasjonen orienterte i samsvar med utsendt notat. Styret slutta seg til vurderingane i notatet.

**17. Status forhandlingar med private ideelle institusjonar – Bestilling 2006**

Administrasjonen orienterte i samsvar med utsendt notat. Styret slutta seg til vurderingane i notatet.

**18. Plan og søknad – Senter for Livsmestring/Nye Haraldsplass**

Administrasjonen orienterte om søknad frå Haraldsplass til HOD om å etablere senter for livsmestring etter modell frå Modum, i Jølster og Garnestangen i Bergen. Helse Vest avventar



høyring frå departementet før vi uttaler oss. Høyringssaka må til handsamast i styra i Helse Bergen HF og Helse Førde HF og til RHF-styret.

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tok meldingane til orientering.

**Sak 024/06 B Økonomirapport pr. 31. januar 2006**

**Kommentar:**

I møtet vart førebels resultat for februar 2006 lagd fram.

Helse Bergen HF har 16,5 millionar kr. i negativt avvik i høve til budsjett.

Helse Stavanger HF har 8,7 millionar kr. i negativt avvik i høve til budsjett.

Helse Førde HF har 6,7 millionar kr. i negativt avvik i høve til budsjett.

Helse Fonna HF har 1,5 millionar kr. i negativt avvik i høve til budsjett.

Apoteka Vest HF har 4,2 millionar kr. i positivt avvik i høve til budsjett.

Helse Vest IKT AS har 1,0 millionar kr. i positivt avvik i høve til budsjett.

For føretaksgruppa viser dette eit negativt resultatavvik målt mot budsjett på om lag 28 millionar kroner.

Styret var uroa over rekneskapstala frå Helse Bergen HF, og ønskja tett oppfølging vidare.

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tok økonomirapport pr 31. januar 2006 til etterretning.

**Sak 025/06 B Endring av vedtekter**

**Kommentar:**

Nye styre i helseføretaka under Helse Vest RHF skal i tråd med krav som blei stilt i føretaksmøte 24. januar 2006, vere på plass innan 1. mai 2006. I styresak 013/06 B har styret lagt rammene for den prosessen som skal lede fram til val av dei nye styra.

Ei grunnleggjande premiss for samansettinga av dei nye styra, er at eit fleirtal av dei eigaroppnemnde medlemmene skal utpeikast blant føreslåtte folkevalde kandidatar. I dei retningslinene som blei gitt i føretaksmøtet, med omsyn til forslagsprosess og styresamansetning går det fram at:

*"Nye HF-styrer vil i hovudsak få syv eieroppnevnte styremedlemmer hvorav fire skal utnevnes blant føreslåtte folkevalgte for å innfri forutsetning om folkevalgt flertall."*

For alle dei fem føretaka må da vedtektene § 7 første ledd andre setning endrast til:

"Styret skal ha ti medlemmer." Tredje setning blir endra til: "Sju medlemmer oppnevnes av føretaksmøtet som velger styrets leder og nestleder."

For Apoteka Vest HF vil endringa få den tilleggskonsekvens at tilsette sine representantar går opp frå 2 til 3 styremedlemmer. Dette inneber at det i tillegg til oppnemning av nye eigaroppnemnde styremedlem i føretaksmøtet, må gjennomførast eit suppleringsval blant dei tilsette i Apoteka Vest HF.



### **Vedtak (samrøystes):**

Styret slutta seg til dei vurderingane som er gjort i saksførelegget. Endringane i vedtektene skjer ved at Helse Vest RHF som eigar, gjer vedtak i føretaksmøte i det einskilde helseføretak.

## **Sak 026/06 B Val av nye styre i underliggande helseføretak**

### **Kommentar:**

Helse- og omsorgsminister Sylvia Brustad stadfesta i haust at eit fleirtal av dei eigaroppnemnde styremedlemmene i helseføretaka skulle oppnemnast blant foreslådde folkevalde. Helse Vest bad etter dette alle kommunar i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane, samt dei tre fylkeskommunane, om å kome med forslag til kandidatar. Det kom inn cirka 100 forslag.

I utveljinga av nye styremedlemmer har styret i Helse Vest lagt særskilt vekt på kompetanse, kjønnsbalanse og kandidatane si tilknytning til helseføretaket. Styret er godt nøgd at ein har lukkast med å setje saman styre som representerer brei og relevant kompetanse til svært utfordrande og krevjande styreverv.

Styret har lagt vekt på at styra skal evne å tenkje heilskapleg, både innanfor eige helseføretak og i eit regionalt og nasjonalt perspektiv.

Samtlege føretaksstyre har no blitt utvida til ti personar. I tillegg til dei tre som er valde av dei tilsette, har styret i Helse Vest oppnemnd sju medlemmer. Kravet er at minst fire av desse skal vere oppnemnde blant dei foreslådde folkevalde. Blant dei eigaroppnemnde styremedlemmene er 18 kvinner og 17 menn. Tre av dei fem styreleiarane er kvinner.

Fordelinga mellom parti er som følgjer: Ap: 7, Sv: 2, SP: 3, FrP: 1, H: 4, V:2, KrF: 1. Dei nye styra blir oppnemnde i føretaksmøte 6. april og vil fungere frå same tidspunkt. Unnataket er styret i Helse Bergen, som trer i kraft 1. mai.

Grunnen til dette er at Helse Bergen står framfor betydelege økonomiske utfordringar. Styret ønskjer derfor at det sitjande styret, som har inngåande kjennskap til økonomien i føretaket, skal ta beslutninga om tiltak som vil få økonomien i balanse.

### **Vedtak :**

1. Helse Vest RHF innkallar til føretaksmøte i Helse Førde HF, Helse Bergen HF, Helse Fonna HF, Helse Stavanger HF og Apoteka Vest HF for endring av styresamansettinga som følgje av krav frå eigar i føretaksmøtet 24. januar 2006.
2. Med verknad frå 6. april 2006 skal følgjande personar oppnemnast som representantar til styret i Helse Førde HF:
 

|             |                      |
|-------------|----------------------|
| Styreleiar  | Clara Øberg          |
| Nestleiar   | Kjell Opseth         |
| Styremedlem | Jorunn Ringstad      |
| Styremedlem | Knut Cotta Schønberg |
| Styremedlem | Reidun K. Halland    |
| Styremedlem | Helge Bryne          |
| Styremedlem | Siv Langøen Rotevatn |
3. Med verknad frå 1. mai 2006 skal følgjande personar oppnemnast som representantar til styret i Helse Bergen HF:
 

|            |                  |
|------------|------------------|
| Styreleiar | Ranveig Frøiland |
|------------|------------------|

- |             |                      |
|-------------|----------------------|
| Nestleiar   | Kari Tove Elvbakken  |
| Styremedlem | Sigurd Hille         |
| Styremedlem | Oddny Miljeteig      |
| Styremedlem | Signy Midtbø Riisnes |
| Styremedlem | Helge Bryne          |
| Styremedlem | Albrigt Sangolt      |
4. Med verknad frå 6. april 2006 skal følgjande personar oppnemnast som representantar til styret i Helse Fonna HF:
- |             |                      |
|-------------|----------------------|
| Styreleiar  | Magnus Skåden        |
| Nestleiar   | Toralv Mikkelsen     |
| Styremedlem | Kjell Arvid Svendsen |
| Styremedlem | Laila Thorsen        |
| Styremedlem | Else Berit Støle     |
| Styremedlem | Björg Sandal         |
| Styremedlem | Inge Reidar Kallevåg |
5. Med verknad frå 6. april 2006 skal følgjande personar oppnemnast som representantar til styret i Helse Stavanger HF:
- |             |                       |
|-------------|-----------------------|
| Styreleiar  | Steinar Olsen         |
| Nestleiar   | Odd Arild Kvaløy      |
| Styremedlem | Ole Hetland           |
| Styremedlem | Sigrid Helsene Risa   |
| Styremedlem | Bitten Fugelsnes      |
| Styremedlem | Helge Bryne           |
| Styremedlem | Christine Sagen Helgø |
6. Med verknad frå 6. april 2006 skal følgjande personar oppnemnast som representantar til styret i Apoteka Vest HF:
- |             |                           |
|-------------|---------------------------|
| Styreleiar  | Ragnhild Osmundsen        |
| Nestleiar   | Jan-Petter Stoutland      |
| Styremedlem | Lisbet Nærø               |
| Styremedlem | Per Karlsen               |
| Styremedlem | Sigrid Brattabø Handegard |
| Styremedlem | Bente Thorsen             |
| Styremedlem | Nils Arne Holvik          |
7. Styret sluttar seg til at styret i Helse Vest IKT AS framleis skal ha følgjande samansetting:
- Leiar: Administrerende direktør i Helse Vest RHF
- 1 representant frå Helse Vest RHF
- 1 representant frå eit av dei store HF-a
- 1 representant frå eit av dei små HF-a
- 1 ekstern representant
- 2 representantar frå dei tilsette (valt av og blant dei tilsette)

Val av styre i Helse Vest IKT AS kjem opp som sak på ordinær generalforsamling i Helse Vest IKT AS innan utgangen av juni månad.

#### **Stemmegiving:**

**Pkt. 1, 2, 3, 6 og 7 vart vedteke samrøystes.**

**Ellen Solheim la fram eit omarbeidd forslag til pkt 4:** (forslaget fekk 1 stemme)  
Med verknad frå 6. april 2006 skal følgjande personar oppnemnast som representantar til styret i Helse Fonna HF:

|             |                      |
|-------------|----------------------|
| Styreleiar  | Magnus Skåden        |
| Nestleiar   | Kjell Arvid Svendsen |
| Styremedlem | Toralv Mikkelsen     |
| Styremedlem | Laila Thorsen        |
| Styremedlem | Else Berit Støle     |
| Styremedlem | Björg Sandal         |
| Styremedlem | Inge Reidar Kallevåg |

**Ellen Solheim la fram eit omarbeidd forslag til pkt 5:** (forslaget fekk 1 stemme)  
Med verknad frå 6. april 2006 skal følgjande personar oppnemnst som representantar til styret i Helse Stavanger HF:

|             |                       |
|-------------|-----------------------|
| Styreleiar  | Steinar Olsen         |
| Nestleiar   | Torunn Trøhaug        |
| Styremedlem | Ole Hetland           |
| Styremedlem | Magne Audun Kloster   |
| Styremedlem | Bitten Fugelsnes      |
| Styremedlem | Helge Bryne           |
| Styremedlem | Christine Sagen Helgø |

## Sak 027/06 B Internkontroll – status og vidare arbeid

### Kommentar:

Internkontroll i Helse Vest blei behandla av styret i styremøte 27.05.05. Saka var ei oppfølging av eit internt forprosjekt med tanke på å utvikle eit internkontrollsystem for Helse Vest. Gjennom styrebehandlinga la styret rammene for det vidare arbeidet med internkontroll i regionen.

Styret sitt vedtak er følgt opp ved at det blei etablert eit internkontrollprosjekt i føretaksgruppa. Prosjektet har gjennomført ei kartlegging av internkontrollen i helseføretaka kor helseføretaka hadde frist for rapportering innan 1. desember 2005. Kartlegginga blei gjennomført i form av ei spørjeundersøking basert på eit skjema som byggjer på strukturen i "Forskrift om internkontroll i helse- og sosialtenesta". Internrevisor er også trekt inn i prosessen, som observatør og støttespelar.

I føretaksmøte 24. januar 2006 uttala Helse- og omsorgsdepartementet at dei hadde registrert at det blei arbeida aktivt med forankring av internkontroll i Helse Vest RHF og i helseføretaksgruppa.

Med bakgrunn i den kartlegginga som er gjennomført, samt dei krav som er stilt i føretaksmøta 17. januar 2005 og 24. januar 2006 har ein forsøkt å identifisere område som bør prioriterast i det vidare regionale arbeidet med internkontroll.

Følgjande område skil seg ut:

- Strategi for arbeid med kvalitet
- Målstruktur
- Dokumentstruktur
- Avvikshandtering
- Risikokartlegging og risikostyring
- Overvaking og kontroll, særleg med vekt på leiinga sin gjennomgang av internkontroll

Styret ønskja i tillegg fokus på pasienttryggleik som omtala i årsrapporten frå pasientomboda.

Med omsyn til kvalitetsstrategi, er det i styresak 117/05 B lagt opp til at dette blir handtert i eit eige prosjekt. Gjennom prosjektet Helse 2020 (overordna føretaksplan og langtidsplan) vil det bli lagt rammer for målstrukturen i føretaksgruppa.

For dei andre områda vil Helse Vest RHF gjennom det regionale samarbeid/nettverket som er etablert i løpet av 2005, ta ein aktiv rolle med tanke på at vidareutvikling av desse elementa blir prioriterte i føretaka. I dette arbeidet bør det frå Helse Vest RHF si side gå klart fram i kva grad det blir stilt krav til ein einskapleg utforming og kva forventingar Helse Vest RHF har.

#### **Vedtak (samrøystes):**

1. Styret sluttar seg til at det regionale arbeidet som er gjort med kartlegginga av status for internkontroll i helseføretaka blir vidareført og at ein i første omgang konsentrerer dette arbeidet omkring dei 6 områda som er nemnde i saka, og med fokus på pasienttryggleik som omtala i årsrapporten frå pasientomboda.
2. Styret legg vidare til grunn at arbeidet med risikostyring og risikoreduserande tiltak blir gjennomført med bakgrunn i dei overordna mål som går fram av i saka. Arbeidet må vere gjennomgåande for heile helseføretaksgruppa og vil bli koordinert av Helse Vest RHF som har ansvaret for rapporteringa til departementet.

**Sak 028/06 B**

**Prioritering av pasientar ved ortopediklinikken i Lærdal – oppfølging av tilsynssak**

#### **Kommentar**

Med bakgrunn i mediaoppslag den 19.01.06 om prioritering av pasientar ved Ortopediklinikken ved Lærdal sjukehus i Helse Førde HF, bad Helse Vest RHF i brev av same dag Helsetilsynet i Sogn og Fjordane sjå nærare på:

- korleis pasientar er blitt prioritert ved klinikken og
  - finansieringsordninga for verksemda
- Helse Vest RHF gav samstundes Helse- og omsorgsdepartementet ei orientering om saka (jf notat av 19.01.06).

Helsetilsynet gav i brev av 23.01.06 ei første tilbakemelding på saka. Det blei her gitt ei generell orientering om reglane om fritt val av sjukehus og prioritering av pasientar. Det blei her presisert at sjukehus ikkje kan nedprioritera pasientar med å visa til bustad. Helsetilsynet uttala seg og om finansieringsordninga. Tilsynet kunne ikkje sjå at ordninga av lovstridig. Ordninga kunne likevel gi uheldige insentiv.

I neste omgang har tilsynet gjort ei konkret vurdering av korleis pasientar er ved Ortopediklinikken i Lærdal. Helsetilsynets vurdering går fram av brev av 17.02.06. Helsetilsynet har her vurdert om dei styringssignal som er gitt, og praksis er i samsvar med myndigheitskrava.

Sjølv om finansieringsordninga blei sett i verk for auka pasientbehandlinga og redusera ventelistene innan ortopedi, ser ein at denne incentivordninga kan misbrukast på same måte som dei fleste økonomiske incentivordningar. Ordninga er frå Helse Vest si side avvikla og gjeld ikkje for 2006.

**Vedtak (samrøystes) :**

Helse Vest RHF føresett at Helse Førde HF ved alle einingane, inklusiv Ortopediklinikken i Lærdal, prioriterar i tråd med prioriteringsforskrifta og at dette vert klart kommunisert i føretaket.

Pasientane si rett til fritt val av sjukehus må sikrast.

**Sak      029/06 B      Sosial og helsedirektoratets årlege brev til dei regionale helseføretak 2006**

**Kommentar:**

Sosial- og helsedirektoratet har ei viktig oppgåve knytt til å sette i verk nasjonal helsepolitikk.

Helse- og omsorgsdepartementet ber i tildelingsbrev direktoratet bidra til å handtere sentrale innsatsområde innan spesialisthelsetenesta. Løysing av oppgåvene krev også samarbeid med dei regionale helseføretaka.

Sosial- og helsedirektoratet har samanfatta dette i et årleg brev til dei regionale helseføretaka.

I utsendt brev til dei regionale helseføretaka er det gitt ei oversikt og gjort greie for kva område Sosial- og helsedirektoratet vil søke samarbeid på i 2006.

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tok Sosial- og helsedirektoratets årlege brev til RHFa – IS-2-2006 til orientering.

**Sak    030/06**

**Eventuelt****Orientering om møter:**

- Styreleiar orienterte om Riksrevisjonens møte med Helse Vest RHF 28. mars. På dette møtet deltek styreleiar, revisor og deltakarar frå administrasjonen.
- Styreleiar orienterte og om Direktoratet for Arbeidstilsynet sitt oppsummeringsmøte - God Vakt den 24.april. Møtet skal vere i Stavanger.
- Kreftforeningen ber i brev dagsett 6. mars om møte med styret i Helse Vest RHF. Styreleiar avklarar dette og informerer styret om konklusjonen.

**Skriv og meldingar:**

Styret var usikre på omfanget av skriv og meldingar til styremøta, og ba administrasjonen vurdere kor mykje skriv og meldingar som blir sendt ut. Styret ønskja å evaluere dette etter nokre styremøte.

**Leiarutvikling:**

På spørsmål frå Ellen Solheim orienterte administrasjonen om nasjonale- og regionale-/lokale leiarutviklingsprogram.

**Leiarløn i Helse Vest:**

Dei tilsettvalde styremedlemmene ba om å få lagt fram ein oversikt over løn til administrerande direktør og leiargruppa i Helse Vest RHF, samt administrerande direktørar i helseføretaka, sett opp i mot tilsvarende stillingar i dei andre RHFa på neste styremøte.

**Møte i kontrollkomiteen 22. mars:**

Svein Andersen oppsummerte frå møte i kontrollkomiteen den 22. mars.

**Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:**

- Brev frå HOD til regionale helseforetak, dagsett 260106 – ”Orientering om justering av EØS-terskelverdier og framdrift i arbeidet med nye anskaffelsesforskrifter”
- Tilsynsrapport frå Arbeidstilsynet til Helse Førde HF, dagsett 260106 – ”Tilsynsrapport – Varsel om pålegg”
- Brev frå Nasjonalt kompetansesenter for amming til Helse Fonna HF, dagsett 310106 - ”Mor-barn-vennlig initiativ; Evaluering av føde/barselenheten og neonatalavdelingen ved Haugesund sjukehus”
- Brev frå HOD til Overlegeforetakstillitsvalgt/Dnlf i Helse Bergen HF, dagsett 310106 – ”Fordeling av inntekter mellom regionale helseforetak”
- Brev frå Helse Øst RHF til HOD, dagsett 070206 – ”Høyesteretts kjennelse i kjæremål sak 2006/18 om utlevering av biologisk materiale – Den offentlige påtalemyndighet mot Aker Universitetssykehus HF”
- Felles opprop frå 16 lag og organisasjonar i Ullensvang til lokale og sentrale politikarar og til styret i Helse Fonna HF, dagsett 100206 – ”Opprop”
- Brev frå HOD til regionale helseforetak, dagsett 170206 – ”Nærmere orientering om omlegginga av finansieringssystemet for pasientskadeerstatningen”
- E-post frå senterkvinnene i Sogn og Fjordane til HOD/Helse- og omsorgskomiteen, dagsett 230206 – ” Skeiv fordeling i helseforetaka”
- Brev frå SHdir til regionale helseforetak, dagsett 170206 – ” Nasjonal stimulering til lokalt folkehelsearbeid m.v.”
- Brev frå SHdir til Helse Vest RHF RHF, dagsett 010306 – ”Vedrørende sak om tilgang til pasientinformasjon i helseforetak på tvers av helseforetak”
- Brev frå Kreftforeningen til styret i Helse Vest RHF, dagsett 060306 – ”Invitasjon til dialog med Kreftforening

Ref. Torunn Nilsen  
Stavanger, 23. mars 2006

---

Oddvard Nilsen  
Styreleiar

---

Kari Oftedal Lima  
Nestleiar

---

Svein Andersen

---

Reidun Korsvoll

---

Gisle Handeland

---

Ellen Solheim

---

Magnar Lussand

---

Gunnvor A. Sunde

---

Aslaug Husa

---

Inger F. Hamborg

---

Helge Espelid